

I siste kommunestyremøte vart det løyvd 250 000 til områdeplan for sentrum i Uskedalen. Det skjedde etter forslag frå fleirtalskoalisjonen under handsaminga av revidert budsjett

Ein områdeplan er grovt sagt ein forenkla reguleringsplan. Den treng ikkje vera heilt findetaljert. Men den vert juridisk gjeldande.

Meininga er at området frå t.d. krysset Døssland/Fv 48 og innover til t.d. Korsneset vert regulert.

Kvar skal vegane gå? Kvar skal ein ha offentleg funksjon, friområde, vanleg busetnad, leikeområder og alt anna som kan tenkjast å vera aktuelt i ein slik plan.

Uskedalen treng ein slik plan over sentrum. Slik at ein slepp å oppleve i ettertid at enkle tiltak som vert gjort utan plan og meining, stoppar andre naudsynte og viktige tiltak.

KjellYri